



Teknisk forvaltning

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/1230 - 17/8021

Saksbehandlar:

Ingrid Didriksen

ingrid.didriksen@radoy.kommune.no

Dato:

20.06.2017

Søknad om dispensasjon - byggjegrense mot Nesvatnet

Radøy kommune ynskjer å setja opp eit toalett på 2,5x2,6 meter i friluftsområdet ved Nesvatnet (gnr 45/1/54). Staden der toalettet er tenkt sett opp, er kring 32 meter frå Nesvatnet og dermed innanfor byggjegrensa. Radøy kommune ved Teknisk drift søker difor dispensasjon frå denne byggjegrensa. Toalettet er eit handikap toalett og vil vere universelt utforma.

Området ved Nesvatnet er eit friluftsområde som er mykje nytta av lokalbefolkninga, av skular, barnehagar og ungdomsklubben. Området er allereie tilrettelagt med sandvolleyballbane, stupebrett, bål plass, gapahuk og det er også vedtatt ein universell utforma turveg som skal gå gjennom like ved, noko som vil gjera at området vert endå meir nytta. Det vil vere direkte tilkomst til toalettet frå turvegen.

Tiltaket vil ikkje medføra terrenginngrep då staden toalettet er tenkt plassert, er ferdig planert. Det vil berre vera naudsynt å grave av massar og fylla på grus. Framfor tenkt plassering ligg det eit pumpehus og toalettet vil verte bygd i same stil som dette.

Toalettet er med i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø og også med i prioritert handlingsprogram for ordinære anlegg 2016-2019. Vidare har Bergen og omegn friluftsråd (BOF) sett etablering av toalett som føresetnad for å engasjere seg i vidare utvikling av området ved Nesvatnet.

Med helsing

Ingrid Didriksen

Prosjektleder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Planteikning - HC-WC

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no

Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Vedlegg:

Situasjonsplan - HC-WC

Snittteikning - HC-WC

Mottakarar:

Teknisk forvaltning